



Stølen er regulert til offentlig bruk (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein kan ikkje berre snu seg rundt slik Uskedalen oppvekstsenter nærmast ber om og så ta matjord til parkering, skriv leiar i Uskedalen Bondelag Olav Hjetland Bringedal i denne atikkelen om matjorda i sentrum.

Med jamne mellomrom dukkar spørsmålet opp om fleire parkeringsplassar i Uskedalen. Seinast for 2 veker sidan på Uskedal Utvikling sin temakveld om trafikkisikring etterlyste skule/barnehage meir parkeringsplassar, Og sist veke i brev frå Uskedalen oppvekstsenter til kommunen der dei ber om at dersom omregulerer Stølen så må ein sikra seg eit tilsvarande areal av Sandabakkane, som i dag er eit LNF-område. Det er positivt at skule/barnehage tek opp dette spørsmålet. At parkering til tider kan vera eit problem, det ser vi i Bondelaget også. Det vi ikkje har noko særleg forståing for og heller ikkje kjem til å godta, er at då er det som oftast alltid snakk om å ta dyrka mark.

Vi må få minna om at dyrka mark er næringsareal som er i bruk på linje med alt anna næringsareal i bygda som vert nytta til butikkar, industri osv. Dyrka mark er ikkje noko som ein har i reserve og kan nytta til andre ting når behovet er der. For det første så er det slitsamt for både grunneigar og forpaktar å måtta oppleva fleire gongar i året at nokon planlegg å nytta arealet til noko anna enn det vert nytta til i dag. Vi trur ikkje andre oppsitjarar i sentrum heller hadde syntest det var noko stas, dersom det var deira eigedom det gjaldt.

Så til meir parkeringsplass til skule/barnehaga som saka gjeld idag. Vi må få minna om at kommunen for omlag 15 år sidan omregulerte Stølen frå landbruk til offentlig bruk.nettopp for å sikra skule/barnehage nok areal til utviding/parkering i framtida. Det er dette arealet som Uskedal Eigedom ynskjer å omregulera til bustadformål, eit prosjekt som Bondelaget har støtta fullt ut gjennom arbeidet med Stadanalyse-Arealstrategi for tettstaden Uskedalen. Her legg også planen opp til at Sandabakkane og Neset skal nyttast til landbruk og ikkje noko anna. Dette er ein plan som blei godkjent av formannskapet like før jul i fjor. Bondelaget held seg til den.

Kommunen skal om kort tid ta stilling til ei omregulering av nettopp dette arealet som var tiltenkt som framtidig parkering. Det vert nærmast ein umulig situasjon for kommunen å gjeva grønt lys for ei omregulering av Stølen til bustad, for sjølve etterpå å stå utan areal til meir parkeringsplassar for skule/barnehage. Ein kan ikkje berre snu seg rundt slik Uskedalen oppvekstsenter nærmast ber om og så ta matjord til parkering. Her må ein sjå heile området under eitt, vi tenkjer då på skule/barnehage, grusbanen, Stølen og arealet mellom Stølen og Hagetunet. Med andre ord ei fortetting av området. Ein kjem ikkje unna at dei involverte partane må setja seg saman for å løysa dette i fellesskap utan at det skal gå ut over dyrka mark. Det er noko som Bondelaget meiner er fullt mulig dersom det er vilje til det. Som vi har sagt tidlegare, matjord er ikkje noko ein har i reserve og kan nytta til andre ting når ein ynskjer det.

Matjorda vi har i sentrum er utan tvil noko med det beste ein kan finna på Vestlandet og noko av det mest verdifulle vi har idag. God drenerande sandjord med eit lag god matjord oppå som det har teke hundrevis eller tusenvis av år å få slik den er i dag. Berre 3 prosent av arealet i Noreg er eigna til å dyrka mat på. **DET SEIER SEG SJØLV AT VI NYTTAR DET IKKJE TIL PARKERINGSPLASSAR.**

Ein ting tilslutt. Vi reknar med at dei fleste har fått med seg at 2015 er FN's internasjonale år for vern av matjord. Ifølge FN går matjord på størrelse med 30 fotballbanar tapt kvart einaste minutt. Dette utgjer 100 millionar dekar per år globalt. Mangel på nok matjord i framtida vert ein av verdas største utfordringar

USKEDALEN BONDELAG

Olav Hjetland Bringedal

leiar